

Vedlegg 1

Årsmelding

Sogn og Fjordane skiskyttarkrins
2017-18

Diverse om styret

Styret si samansetning

Leiar og TD-ansvarleg: May Kristin Sæther, Stårheim

Nestleiar: Monica Hjellen Haugland, Volda

Styremedlem og sekretær: Margrete Garlid, Markane

Styremedlem og kasserar: Monica Halsteinslid, Markane

Styremedlem: Leiv Tvinnereim, Hardbagg

Vara: Inger Marie Svingeset, Hornindal

Vara: Ellinor Skeide Bakke, Eid

Vara: Magne Brekke, Sunnylvn

Jenteansvarleg: Margunn Hjelmeset, Markane

Trenarkoordinator: Rune Totland, Volda

Møter

Det har vore gjennomført fem styremøter, 28.06.17, 07.09.17, 22.11.17, 21.03.18 og 15.05.18.

Det vart arrangert eit møte for TD'ar, klubb- og rennleiar 22. november, 16 deltakarar. Arve Heimdal gjekk gjennom reglementet og det vart diskutert ulike situasjonar der møtedeltakarane i fellesskap kom fram til kva list krinsen skulle legge seg på ved krinsrenn. Såleis var møtet nyttig for å skape ei felles forståing/semje mellom arrangør, TD'ar og krins for korleis krinsrenna skal arrangerast.

May Kristin Sæther representerte krinsen på krinsleiar møte på Sjusjøen i november.

Leiar har delteke på idrettensmøteplass i oktober og dialogmøte i idrettskrinsen i januar.

Kommunikasjon mellom krins og klubbar/utøvarar

Krinsen har si eiga side på skiskyttarforbundet si internettside. Det vart i vinter oppretta ei facebookside. Denne har vore nytta til informasjon, invitasjonar til renn og resultat. I tillegg har epost vore nytta til kommunikasjon mellom krinsstyret og klubbleiarane.

Arrangement i krinsen

Skiskyttartreffen 2017

Krinsen arrangerte Skiskyttartreffen 30. september og 1. oktober på Ullsheim. Krinsen sto for organiseringa, mens foreldre bisto med praktisk hjelp. Hornindal og Markane Skyttarlag hadde ei økt skyting innandørs i Hornindal. Øktene på Ullsheim vart organisert av innleidde trenarar og elevar frå Stryn vgs. Som tidelgare år fekk alle deltakarane eksklusiv «Skiskyttartreffen» genser. Ein stor takk til sponsorane som bidrog til at vi kunne gjere dette i år også.

Jentesamlingar

Det har vore arrangert fire jentesamlingar for jentene 11-16 år:

- Mai – 17, Ullsheim. Reimtilpassing for 13 års jentene, 7 deltakarar.

- September- 17, Harpefossen + Rand. Skyting, riding, div konkurransar og deltaking i Kleiva Opp, 23 deltakarar.
- Januar- 17, Ullsheim. Skileik og teknikk. Fellesarrangement med skikrinsen, 20 deltakara + 16 langennsjenter.
- April- 17, Ullsheim. Skyting, kombiøkt, stafett, 18 deltakarar.

Jentesamlingane har vore veldig kjekke og fått positive tilbakemeldingar frå deltakarar. Ein viktig faktor er at jenteansvarleg saman med velvillige foreldre og trenarar har planlagt og gjennomført samlingane på ein framifrå måte. Dette er miljøskapande aktivitetar som bør vidareførast av jenteansvarleg i samarbeid med andre også neste sesong.

Guttesamling

I April vart det gjennomført ei samling i Volda for alle gutane i krinsen. I tillegg vart gutar 13 og 14 år invitert til å delta delar av jentesamlinga i september-17. Fokuset for denne samlinga var tilpassing av reim for 13 og 14 åringane.

TD 1 kurs

Krinsen har arrangert TD 1 kurs. 5 deltakarar frå Markane, Volda og Stårheim deltok på kurset.

TD 2 kurs

Rune Totland frå Volda har gjennomført TD 2 kurs.

Instruktørkurs skiskyttarskule

Krinsen har gjennomført instruktørkurs for skiskyttarskulen med 13 deltakarar frå Stårheim, Volda, Markane og Førde.

Krinsrenn

Det vart arrangert totalt 12 krinsrenn, i tillegg til rullskirenn i Markane i september. Både Sparebankkrus-cup'en og krinscupen sponsa av Ytreeide Sport 1 vart gjennomført. [Sjå heimesida til krinsen for resultat.](#)

Dato	Sted	Arrangement	Øvelse	Cup /SB-krus
10.09.17	Markane/ Ullsheim	Rulleskirenn	Sprint	Cup/ SB krus
16.12.17	Hornindal/ Grendadalen	Krinsrenn	Normal	SB- krus
17.12.17	Hornindal/ Grendadalen	Krinsrenn	Sprint	Cup
13.01.18	Hardbagg/ Ålandsleite	KM/ krinsrenn 12 år yngre	Normal	Cup
14.01.18	Hardbagg/ Ålandsleite	Krinsrenn	Sprint	
20.01.18	Markane/ Ullsheim	KM/ krinsrenn 12 år yngre	Sprint	SB krus
21.01.18	Markane/	KM/ krinsrenn 12 år	Fellesstart/	Cup

	Ullsheim	yngre	sprint 12 år yngre	
10.02.18	Sunnylven/ Hyttehola	Krinsrenn	Normal	Cup
11.02.18	Sunnylven/ Hyttehola	Krinsrenn	Sprint	SB krus
17.02.18	Stårheim/ Harpefossen	Vestlandsmesterskap/ krinsrenn 12 år yngre	Sprint	Cup
18.02.18	Stårheim/ Harpefossen	Vestlandsmesterskap/ krinsrenn 12 år yngre	Normal	
17.03.18	Volda	Krinsrenn	Sprint	
18.03.18	Volda	Krinscupavslutning/ krinsrenn 12 år yngre	Fellesstart/ sprint 12 år yngre	Cup/ SB krus

Besøk av turneen Spenning i sikte

I 2017 var det Førde som fekk besøk av turneen. Dette skjedde i samband med landsskyttarstemnet som vart avvikla der i år.

Deltaking på nasjonale og internasjonale renn

Her følgjer ei kort oppsummering av deltaking på nasjonale og internasjonale renn gjennom året. Nokre resultat vert nemnde, med forbehold om feil og med viten om at det er mange gode prestasjonar som er gjort gjennom sesongen som ikkje vert fanga opp av denne oppsummeringa.

Norgescup og NM junior

Totalt har krinsen hatt 14 deltakarar på norgescup junior. Dei fleste juniorane er med i Nordfjord Team og har eit godt opplegg der. I tillegg har vi 2 utøvarar som går på NTG- Lillehammer.

Sigrud Flo Bødal frå Stårheim tok gull på fellesstart i NM jr rullski.

Under vinterens NM for juniorar vart det gull til Sigrud Flo Bødal, Stårheim på normaldistansen.

Frå krinsen vår var det seks som var kvalifisert og deltok på norgescupavslutninga for junior – NM fellesstart, arrangert samtidig som senior NM på Lillehammer.

Johan Olav Smørda Botn og Sigrud Flo Bødal har vunne Norgescuprenn for junior denne sesongen. Hun har i tillegg en 2. plass, mens Aksel Matias Meland har tatt en 3. plass. .

Norgescup og NM senior

Johanne Thingnes Bø, Markane gull på fellesstarten i NM rullski og sølv på sprinten i same arrangement.

5 utøvarar frå krinsen har delteke i Norgescupen for senior.

Her har Håvard Gutebø Bogetveit, Førde tatt en 1. plass, Ole Martin Erdal, Førde har tatt en 2.plass, mens Johan Eirik Meland, Markane har to 3. plasser.

Johannes Thingnes Bø tok gull på sprint og jaktstarten, medan han tok sølv på fellesstarten.

Kvalfoss-sprinten

Fleire utøvarar frå krinsen tok turen til Oslo for å delta i årets Kvalfoss-sprint. Utøvarane leverte mange gode prestasjonar. Bendik Vereide vann si klasse på sprint i G16. Ann Kristin Aaland og Gunn Kristi Stensaker Tvinnereim tok 3. plass på sprinten i henholdsvis J14 og J16. Magnus Skeide Bakke tok 3 plass på normalen G15,

Hovudlandsrenn Veldre Sag, Mjøs ski.

15 utøvarar frå Sogn og Fjordane deltok. Mange gode prestasjonar. Lasse Flo Bødal tok 3. plass på normaldistansen. Jentene gjekk inn til sølv på stafetten. Laget besto av Gunn Kristi Stensaker Tvinnereim, Maren Hjelmeset Kirkeide og Emilie Flo Stavik. For gutane vart det bronse på stafetten. På laget gjekk Bendik Vereide, Magnus Skeide Bakke, Lasse Flo Bødal, Oskar Guddal Breivik.

Vestlandsmeisterskap

Vestlandsmeisterskapen 2018 vart arrangert av Stårheim. Arrangementet gav både medaljer og fleire gode plasseringar til løparane frå krinsen.

Young star i Holmenkollen

Seks utøvarar frå krinsen vart tekne ut på bakgrunn av gode prestasjonar i Kvalfoss-sprinten, Vestlandsmeisterskapen og Hovudlandsrennet: Lasse Flo Bødal, Bendik Vereide, Oskar Guddal Breivik, Emilie Flo Stavik, Maren Hjelmeset Kirkeide, Gunn Kristi Stensaker Tvinnereim.

Emilie Flo Stavik gikk inn til en 3. plass i jenteklassen.

Liatoppen skiskyttarfestival 31. mars – 2. april

Mange yngre løparar frå krinsen la også i år sesongavslutninga si til Ål og Liatoppen. Her vart det gått stafett og to individuelle renn og løparane frå krinsen leverte gode prestasjonar.

Internasjonale renn

Tarjei Bø og Johannes Thingnes Bø deltok i OL i PyeongChang. Johannes tok fylket sitt første individuelle OL gull med sin prestasjon på normalen. Han var og med og tok sølv på mix stafetten, mens både Johannes og Tarjei Bø gjekk på det norske laget som tok sølv på stafetten.

Johannes Thingnes Bø vart nr 2 i verdscupen både sprint og samanlagt cupen.

Håvard Gutebø Bogetveit deltok EM i Italia

Uttak nasjonale lag og satsingar 2017-2018

Håvard Gutebø Bogetveit har vore med på utviklingslandslaget menn senior medan Karoline Erdal har vore på utviklingslaget for kvinner junior. Tarjei Bø og Johannes Thingnes Bø er med vidare på elitelandslaget menn.

Anlegg og klubbar

Det er per april 2018 åtte aktive klubbar i krinsen, same tal som førre sesong.

Førde er i planleggingsfasen for å bygge skiskytterstadion i tilknytning til langrenn stadion på Langeland. Her vart det opna rullerløype hausten 2017.

Hardbagg har oppgradert sin stadion.

Stårheim er godt i gang med grunnarbeidet for rullerløype, og rekna med å få asfaltert og opna løypa i løpet av sommaren 2018.

Markane har i samarbeid med Nordfjord Team kjøpt 4 elektroniske blinkar som er montert på Ullsheim.

Takk til alle i krinsen for all god innsats gjennom sesongen. Lykke til med sesongen 2018-19

Sogn og Fjordane skiskyttarkrins

May Kristin Sæther

-leiar-

Til årsmøtet i Sogn og Fjordane skiskyttarkrins

REVISJONSBERETNING FOR 2017

Ledelsens ansvar og revisors oppgåve

Eg har revidert årsrekneskapet for Sogn og Fjordane skiskyttarkrins for rekneskapsåret 2017, som viser eit overskot på kr 18 680,25. Årsrekneskapet består av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapet er avgitt av krinsens kasserar og leiar.

Formålet med revisjon

Revisor skal vurdere om årsrekneskapet er utarbeida og fastsatt i samsvar med idrettens rekneskaps- og revisjonsbestemmelsar, og om organisasjonsleddets styre har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysningane.

Grunnlag for uttalelse

Vi har utført revisjonen i samsvar med Norges Idrettsforbund revisjonsbestemmelsar. Revisjon omfatter kontroll av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapet. Eg meiner at min revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for min uttalelse.

Uttalelse

- Årsregnskapet er avgitt i samsvar med Norges Idrettsforbund sine revisjonsbestemmelsar og gjev eit riktig bilde av foreningas økonomiske stilling pr 31.12.2017.
- Ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentleg og oversiktig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god regnskapskikk.
- Framlagt årsrekneskap blir foreslått vedtatt av årsmøtet.

Stryn, den 29. mai 2018

Odd Rune Halsteinslid

Odd Rune Halsteinslid

-valgt revisor-

-valgt revisor-

Konto- nummer	Beskrivelse	Regnskap		Budsjett 2017	Avvik mot budsjett	Kommentarer regnskap
		2017	2016			
DRIFTSINNEKTER:						
Salgsinntekter:						
3000	Egenandel samling	13 500,00	4 500,00	12 500	1 000,00	
		0,00	0,00	0	0,00	
3200	Momskompensasjon	6 159,00	1 456,00	2 500	3 659,00	
3010	Refusjon KM medaljer	580,00	1 260,00	2 000	-1 420,00	
8050	renteinntekter	96,00	86,00	100	-4,00	
Tilskudd:						
3100	Tilskot KU midler	30 033,00	36 667,00	30 000	33,00	
3110	Tilskot JA midler	13 667,00	14 000,00	10 000	3 667,00	
3120	Tilskot SK tilskot del 1 og 2	27 613,88	16 728,99	30 000	-2 386,12	
3431	Spons skiskyttertreffen	6 000,00	0,00	0	6 000,00	
3460	Andre tilskudd	12 288,00	20 000,00	12 500	-212,00	
Avgifter:						
3911		0,00	0,00	0	0,00	
3912	Treningsavgifter	0,00	0,00	0	0,00	
3913	Spillerlisenser	0,00	0,00	0	0,00	
3960		0,00	0,00	0	0,00	
SUM DRIFTSINNEKTER:		109 936,88	94 697,99	99 600	10 336,88	
DRIFTSKOSTNADER:						
Personal, møter, administrasjon:						
5940	Kursavgifter, kurs og seminarer	280,00	4 629,00	2 500	2 220,00	
5942	Honorar leiar	10 000,00	10 000,00	10 000	0,00	
Andre kostnader:						
4000	Startkontigent	8 600,00	2 900,00	8 600	0,00	
4100	Premiering	19 388,00	11 800,00	19 750	362,00	
4200	Trening og instruksjon	875,00	12 808,39	10 000	9 125,00	
4240	Skiskyttartreffen	16 496,56	50 000,00	25 000	8 503,44	
4241	Pang Start og andre samlingar	1 218,57	0,00	0	-1 218,57	
4300	Utdanning og kurs	0,00	5 246,00	2 500	2 500,00	
4330	Jentesamling	21 284,50	17 436,83	10 000	-11 284,50	
4400	Stipend og utmerkinger	10 125,00	4 250,00	11 625	1 500,00	
6590	Kjøp av utstyr til aktivitet	0,00	0,00	0	0,00	
4500	Gåver	992,00	1 000,00	0	-992,00	
5100	Møteutgifter	1 950,00	1 938,69	1 000	-950,00	
5200	Administrasjon	0,00	0,00	0	0,00	
6800	Kontorrekvisita, konvolutter	0,00	0,00	0	0,00	
6785	Konsulenthjelp	0,00	0,00	0	0,00	
Forsikring, diverse kostnader:						
7530	Diverse forsikringer	0,00	0,00	0	0,00	
7770	Bank- og kortgebyr	96,00	69,00	0	-96,00	
7790	Diverse kostnader	0,00	0,00	0	0,00	
SUM DRIFTSUTGIFTER:		91 305,63	122 077,91	100 975	9 669,37	
FINANS- OG EKSTRAORDINÆRE POSTER:						
8040	Renteinntekter	49,00	0,00	0	49,00	
SUM FINANS- OG EKSTRAORDINÆRE POSTER:		49,00	0,00	0	49,00	
SUM		18 680,25	-27 379,92	-1 375	20 055,25	

Balanse:		Pr. 01.01.17	Pr. 01.01.18	Differanse
Konto:	38200900100 Brukskonto	102 364,10	111 667,85	9 303,75
Konto:	38204010789 Sparekonto	33 696,00	33 792,00	96,00
Konto:	37053074740 Nordfjord team			
Kontanter:	NT konto pr. 30.04.18 241.178,15			0,00
	Påløpte inntekter/kostnader vedr 2017	(18 576,83)	(9 296,33)	9 280,50
SUM		117 483,27	136 163,52	-

Regnskapet er revidert
og funnet i orden.

Dato:

Sign.:

SFSSK

#####

Budsjett 2018

Konto- nummer	Beskrivelse	Budsjett 2018	Regnskap 2017	Avvik	Kommentarer budsjett
DRIFTSINNTEKTER:					
Inntekter:					
3000	Egenandel Samlinger	12 500	13 500	-1 000	
3100	Tilskot	60 000	71 314	-11 314	
3200	Momskompensasjon	6 000	6 159	-159	
3010	Refusjon medaljer	3 160	580	2 580	
3460	Andre tilskudd	12 500	18 288	-5 788	
8050	Renteinntekter	100	96	4	
SUM DRIFTSINNTEKTER:					
		94 260	109 937	-15 677	
DRIFTSKOSTNADER:					
4000	Startkontigent	8 500	8 600	100	
4100	Premiering	15 000	19 388	4 388	
4200	Trening og instruksjon	5 000	875	-4 125	
4240	Skiskyttartreffen	17 500	16 496	-1 004	
4241	Pangstart og andre samlinger	5 000	1 218	-3 782	
4300	Utdanning og kurs		0	0	
4330	Jentesamling	22 000	21 284	-716	
4400	Stipend og utmerkinger	4 500	10 125	5 625	
6590	Kjøp av utstyr til aktivitet		0	0	
4500	Gåver	1 000	992	-8	
5100	Møteutgifter	2 000	1 950	-50	
5200	Administrasjon		0	0	
5940	Kursavg, kurs og seminar	3 000	280	-2 720	
5942	Honorar leiar	10 000	10 000	0	
6800	Kontorrekvisita, konvolutter		0	0	
6785	Konsulenthjelp	0	0	0	
SUM DRIFTSUTGIFTER:					
		93 500	91 208	-2 292	
FINANS- OG EKSTRAORDINÆRE POSTER:					
8040	Renteinntekter	-50	-49	-1	
SUM FINANS- OG EKSTRAORDINÆRE POSTER:					
		-50	-49	-1	
SUM					
		710	18 680	-17 970	

Aktivitetsplan for sesongen 2018-19 Sogn og Fjordane skiskyttarkrins

Krinsen har som mål å leggje til rette for dei konkrete tiltaka i sesongen 2018-19 som blir nemnde under. Tiltaka blir utført i samarbeid med blant andre Nordfjord Team skiskyting, Sogn og Fjordane skikrins, Stryn vidaregåande skule og idrettslaga i krinsen.

- Auke aktiviteten i laga og få ungdomen til å fortsetje med skiskyting enno lengre
- Legge til rette for treffpunkt for rekruttar:
 - Skiskyttartreffen
 - Samling for nye reimskyttarar
 - Nordfjord Team samlingar 15-16 år
 -
- Jentesamlingar
- Treningar og samlingar saman med Nordfjord Team skiskyting og Stryn vidaregåande skule - juniorar
- Arrangere krinsrenn (krinscup og Sparebankkruscup)
- Arrangere treningsrenn sommar/ haust og/ eller vinter
- Samarbeide med andre krinsar (spesielt Sogn og Fjordane skikrins og Hordaland skiskyttarkrins) om terminliste, jentesamlingar, Young Star samlingar)
- Motivere til samarbeid på tvers av idrettar gjennom blant anna fagmøte/samarbeidsmøte i regi av idrettskrinsen
- Auke kompetansen med å motivere trenarar, støtteapparat og foreldre til å ta kurs (TD-kurs, trenar 1/ 2/3 kurs, instruktørkurs,)
- Motivere alle klubbar i krinsen til å bli «Rent idrettslag» og motivere til «Ren utøvar».